

– Våg å snakke om sex og overgrep



Dei hadde mykje å fortelje om ei vanskeleg sak. Jarle Hoseter, Anette Grønning og Bente Skåtun vil at dei som har blitt utsatt for overgrep tar kontakt.

Foto: Alf-Einar Kvalavåg

– Det er ikkje din feil. Våg å snakke ut om overgrep. Elles kjem minna tilbake igjen som ein bome-rang.

Av Alf-Einar Kvalavåg

Etter at Tysvær kommune gjekk ut og lova at dei for alvor skulle rydde opp i overgrepsaka som for ein del år sidan sjokkerte heile kommunen, komutsattmann.no og Smiso (Senter mot incest og seksuelle overgrep) på besøk i førre veke.

– Det som må vere eit utgangspunkt i det vidare arbeidet nå er å få til dialog med alle som på ein eller anna måte er involvert i incest, seksuelle overgrep eller liknande. Å tru at dette går over av seg sjølv har me erfaringar med, at ikkje er tilfelle. Sorgreaksjonar og liknande kjem igjen og igjen. Ofte med svært alvorlege konsekvensar. Me ser at mange søker seg til dårlege miljø der narkotika og alkohol øydelegg liva deira. Det verste er at dei trur det er deira eigen feil at det blei slik, seier Jarle Hoseter som er dagleg leiar i nettportalen utsattmann.no.

Han veit kva han snakkar om. Han har sjølv gått den tunge og vonde vegen via rus før han fekk hjelp og nokon å snakke med.

– Me har ei nettside der det er

lågterskel å sende inn spørsmål, eller berre ta kontakt. Me er per i dag fem personar som svarer på det som kjem inn. Det er viktig å få fram at dette er eit tilbod der ein kan vere anonym. Målet er å hjelpe dei som tar kontakt vidare til mellom anna senter som Smiso. Me har gode erfaringar med å snakke med personar som har vore utsett for overgrep, sjølv mange år etter at det har skjedd. Så vår oppfordring er sjølvstøtt at folk tar kontakt, seier Hoseter.

Rett frå levra

Hoseter er ein som snakkar rett frå levra og ikkje pakkar inn ting. Det kan vere ein døropnar i slike vanskelege saker.

– Eg trur at når nokon tør å ta kontakt med oss, så må dei merke med ein gong at den som er i andre enden verkeleg bryr seg. Og det gjer me. Me tar alle på alvor, og vil så raskt som muleg prøve å få gitt hjelp.

– Kva råd kan du gi?

– Aksepter historia di. Plasser skulda, det er ikkje din feil. Og til slutt; behald mot og håp, tross motgang.

Trigger

– Kva er det som gjer at det kan komme så seine etterverknadar av slike seksuelle overgrep?

– Me har sett at det er fleire som ikkje fungerer i ekteskap og sambuarskap fordi hendingar i barndomen dukkar opp på nytt og trigger dei. Det er som ein

bomerang som treff deg med eit smell. Det kan vere andre som fortel om sine opplevingar, som også vekker minner hos deg. I tilfelle me har høyrte om, er det også dei som slit når dei får egne ungar, og som ser seg sjølv igjen som liten. Dette treng ein profes-

«Aksepter historia di. Plasser skulda, det er ikkje din feil»

Jarle Hoseter

sjonell hjelp til å takle, og heldigvis finnest dette tilbodet. Difor kan eg ikkje oppfordre sterkt nok til at folk, også i Tysvær tar kontakt med oss, seier ein tydeleg engasjert Jarle Hoseter.

Han fekk også møte eit par av dei som var offer i «lærarsaka» då han besøkte Tysvær.

Tilbod

Smiso-Rogaland tar tak i seksuelle overgrep allereie i undervisninga i skulen.

– Vårt tilbod er å både tilby undervisning og samtalar. I barneskulane har me eit undervisningsopplegg om grensesetting, kropp, sex og seksuelle overgrep på eit enkelt og forståeleg språk. I tillegg har me foredrag for stu-

dentar, barnehagetilsette og andre som treng oppdateringar innan dette. Når det gjeld tilbodet til dei som har vore utsett, eller er utsett for overgrep, skjer det på forskjellige nivå, seier Anette Grønning og Bente Skåtun.

Avdelinga i Sandnes har også Haugalandet under sine vingar, og kontoret i Haraldsgata i Hauge-sund er ope ein dag i månaden.

– Det betyr ikkje at folk ikkje får tak i oss elles. Me har telefon og skypekontakt med mange. I tillegg «rykker» me sjølvstøtt ut om det skulle krevjast i ei sak. Mottoet vårt er at me er der for deg. Det kan skje gjennom einesamtalar, sosiale treff, sjølvhjelpsgrupper, temakvelder, turgrupper og andre aktivitetar. Me tilbyr også samtalar med pårørande, seier dei to.

Praktisk

Dei påpeikar også at tilbodet dei gir også er av meir praktisk karakter.

– Det er vanskeleg å spå kor ein startar i ein slik prosess. Difor gir me tilbod til å vere med til politi, advokatar, lege NAV og liknande. Me informerer også om tilbod frå offentlege etatar. Målet er å vere til hjelp på alle måtar. Som Hoseter seier veit ein aldri kva tid eit overgrep slår tilbake. Me har, som han, sett at det kan gå mange år.

– Betyr det at dei som var utsatt i «Tysvær-saka» ikkje er «forelda»?

– Nei, på inga måte. Me høyrte det var ein del av dei som ikkje

hadde tatt kontakt. Me seier ikkje at alle må ta kontakt å få hjelp, men meiner at svært mange har mykje igjen for det. Det er sorg, skuldfølelsar og ting ein skulle hatt hjelp til, også hos dei som i utgangspunktet klarer seg bra.

Ikkje overraskande

– Kva seier tala om overgrep i Noreg?

– Det som me ser nå er at talet på gutar som blir utsett for seksuelle overgrep er i ferd med å ta igjen jentene. Me ser også at dei som er overgripingar er i frå alle samsfunnslag og distrikt. Avsløringa i den såkalla «Dark room»- saka er skremmande, men dessverre ikkje overraskande. Eit anna poeng er at det nok er skyhøge mørketal når det gjeld overgrep. Ein av grunnane til det er at det framleis er flest overgrep som er familere-laterte, seier Skåtun og Grønning.

– Det er difor det er så viktig å komme i kontakt med nokon som vil hjelpe deg. Ein får nesten dagleg påminningar om brutale overgrep. Misbruk gjort av nokon ein likar og er kjær. Å få snakka ut kan vere ein stor skilnad på den livskvaliteten ein får resten av livet. Det er eg sjølv eit levande eksempel på. Det eg har opplevd etter at eg fekk hjelp er så positivt at eg unar alle andre det same. Saman kan me få til mykje, avsluttar Jarle Hoseter.

Besøket i Tysvær var ein del av oppdateringa som kommunen nå ønsker i slike vanskelege saker.